

Referat foreldremøte 2. klasse

Tid: 12. september 2023

Stad: Klasserommet

Velkommen ved kontaktlærer, Ann Synnøve.

HELSEJUKEPLEIAR

-Helsesjukepleiaren Marit Helen Osnes orienterte.

-Kontaktinfo - skulen si heimeside.

-Vaksinering 5. okt. Oppfordring om å gå inn på Helsenorge.no og sjå om ungen er digital aktiv i fht samtykke av vaksinering. Lapp heim for samtykke til dei som ikkje er digitale.

-Generelt: Legge til rette for å sove godt, mettande og sunn frukost, enkel og sunn matpakke med grovt brød, grove knekkebrød og slik. Gjere matpakka fargerik med litt frukt og grønt slik at noko av «5 om dagen vert dekket». Del gjerne opp gulrot osv då ungane tykkjer det er enklare å ete då. Foreldre har kontroll på kva som er tilgjengeleg heime - utnytt det.

Framsnakk skulen heime - det smitter.

SFO

-Aud Jane: Ber om at foreldre følger fristar. Dette har med bemanning og planlegging å gjere. Det skal vere haustferieklubb på Undheim. Sjekk samtykke på Visma om bilkøyning.

KONTAKTLÆRAR-DEL

VISMA

-Korleis bruke Visma effektivt og greit.

KLASSEN

-Mykje lyd, men stort sett gilde med kvarandre. Dei er interesserte i skularbeid, men litt ivrige og vil då ha hjelp med ei gong. Øver på å rette opp handa.

ORDEN

-Vert stadig flinkare på orden. Dei er flinke til å setje skoa fint med tuppen inn.

SOSIALT

- Dei leiker framleis helst adskilt gutar og jenter.
- Er stort sett greie med kvarandre.
- Ber foreldre tenke litt over at alle eller ingen får samtidig dersom nokon vil ha med noko/lage noko og dele ut på skulen. Tenk litt på dette på fritida også. Dei snakkar om dette. Det kan vere sårt for den som ikkje får.
- La dei vere barn. Ønsker ikkje «pynt- og bling». Har så vidt begynt å bli opptatt av sminke, det vil ein ikkje ha på skulen. Dei er for små.
- Skulen er Olweussskule (antimobbing) Opptatt av forebygging. Om god psykisk helse og psykososialt miljø. 4. – 7. trinn har Olweus. 1. – 3. trinn Zippy. Går gjennom ulike tema. Skal lage klassereglar no.

VEKEPLAN og LEKSER

- Klassen ønskjer vekeplan i papir. Det får me ikkje. Først med grunn økonomi som etterkvart vart endra til av miljøhensyn. Dette rår ikkje Ann Synnøve over. Oppfordring om å printe den ut sjølv heime.
- Øveord og gloser er viktig å øve på heime.
- Les info på vekeplan.
- Gje beskjed om behov for meir/mindre lekse.
- Gjennomgang av vekeplan og kva som er meininga med kva.

TIMEPLAN og FAG

- Nytt at 2. klasse skal vere saman med 1. klasse fleire timar i veka. I KRLE, musikk, 1 økt norsk, samt uteskule. Dette er grunna økonomi. I desse timane er det 1 pedagog og to andre. Stasjonar i norsk då med faste grupper som rullerer på stasjonar i skriving/lesing, kortspel o.l., byggeleik.
- Norsk. Bruker samfunn og naturfag til norsk no grunna litt lite norsk i år og at desse to andre faga får dei noko av på uteskulen. Skriving meir i fokus i år. Er ikkje alltid den beste innlæringa om det skjer på skjerm. Derfor mykje bok i år også. Gi beskjed om de treng bokstavbokhus.
- Nordli lesekonkurransen. Sjå ark.
- Matte: Tal opp til 100. Klokka skal lærast heime.
- Engelsk: Mest muntleg og praktisk.
- Gym: Ha med gymsko, ikkje gymsokkar. Dusjing etter haustferien. Ønsker at heimen snakkar med ungane om korleis oppføre seg om kropp i garderobe/dusj. Ønske frå foreldre at det er vaksen i garderoben for å lage gode garderoberutinar.
- Symjing i veke 50 - veke 12.

SKJERM/ipad

- 1 lekse vert innlest på lydfil. Det vil stå på vekeplanen når. Skjerm vert bl.a. brukt til presentasjon og framføring, diverse oppgåver i t.d. matte. Elevane lærer meir når dei bruker handa til skriving, derfor mykje blyant og bok.
- Ikkje ha med ipad på onsdagen.
- Tekniske problem Youtube kids.

MATPAUSE og MATBOKS

- Det har begynt å skli ut angående kosemat.
- Ha med vanleg sunn norsk matpakke med litt fargerik frukt og grønt. Snacks og anna kosemat venter ein med til ein kjem heim då slik mat kan utfordre klassemiljøet.
- Ein ser også at dei tar av lokket og samanlikner mat om morgonen når dei kjem. Uheldig for klassemiljøet. Snakk med dei om dette.
- Ann Synnøve les for dei mens dei et (3 dagar). Bergljot har Linus i svingen på skjerm mens dei et. Det er vanskeleg alder/gruppe og få til matro om ein legg opp til drøs, derfor styrer ein unna det slik at dei får i seg maten.

CL-STRUKTUR

- Sammarbeidslæring. Dei sit to og to og har læringsvenn.

VENNEGRUPPE

- Bra for klassemiljøet. God erfaring med at foreldre får treffe dei andre ungane slik.
- Sett av om lag 1time til 1,5time. Inviter til ei gong då alle kan. Legg ned lista. Ha det veldig enkelt. Tips: La dei smøre rundstykker i lag, bygg hytte, gå tur og den type ting. Skjerm skal det ikkje vere i vennegrupper. Ikkje tenk at dette skal vere selskap.
- Ingen har dessert i år då det etterkvart vart høge forventningar i fjor.

PÅSKEFRUKOST

- Me går for det. Suksess i fjor. Heimane har med litt kvar. Kontaktlærer lagar liste og fordeler.

FORELDREKØYRING

- Foreldrene er positive. Send vismamelding til Ann Synnøve om du har dagar du kan køyre, då får ho ein viss oversikt. Når ho treng sjåførar kontaktar ho klassekontaktar som spør i foreldregruppa på fb.

KLASSEKONTAKT-DEL

v/Caroline og Mariann

KLASSEKASSE

-I den nye flotte handboka for klassekontaktar står det noko om klassekasse. Caroline las opp dette. Me oppretta klassekasse i fjor då det kan vere fint å ha nokre midlar til noko sosialt for klassen, gåve til lærar osv. Alle ungane får gleden i desse pengane. Ein betalar inn ein sum i året. 100 kr tykte me var passeleg. Til meir me har, til meir får me gjort for klassen. Alle i klassen skal vere invitert til det som vert bestemt, sjølv om nokon ikkje får til å betale inn. Om ein lurar på om ein har betalt inn for i fjor og ønsker å betale, ta kontakt med Caroline så finn ho det ut. Det skal leggst ut kontonummer på fb etter foreldremøta slik at folk får sett kontonummer og betalt. Det vert ikkje sendt ut purring då det er frivillig å betale.

JULEKOS

-Klassekontaktar finn dato i byrjinga av desember der det ikkje er aktivitet som ungane går på. Nokon av aktivitetane har teke juleferie då, det passar godt.
-Ønsker same opplegg som i fjor i mat- og helserom og gymsal. Pakkeleik. Alle har med litt kvar ut i frå ei liste. Me ser på kven som hadde med kva i fjor og rullerer.

BURSDAG

-Inntil 50 kr i gåve viss det er pengar ein gir. Anna gåve ca 50kr. Lag gjerne kort, perle noko om ein vil, slik som me bestemte i fjor.
-Inviter alle jentene, alle gutane eller heile klassen.

SOSIALT FOR FORELDRE

-Kjekt i fjor. Ønsker ny samankomst i år. Går for same tidspunkt på året, då det er ei rolig tid, om lag siste halvdel av januar. Forslag på Smiegarden som i fjor. Mat som i fjor, at alle tek med litt kvar ut i frå ei liste. Mulig me må rekne med fleire oppgåver i år enn i fjor – klassekontakt sjekker. Andre forslag til plasser? Kom med innspel innan september så arbeidar klassekontaktane ut frå det.

FACEBOOK INFOKANAL

-Veldig bra. Kom med tips til ting å legge ut.

SKULESKYSS

-Gi beskjed (e-post) til rektor med dato og kva som er problemet kvar gong.

E.post: Anne.Gunn.Feed.Jakobsen@time.kommune.no

KLASSELISTE

Fleire foreldre står ikkje oppført. Ein må gå inn i Visma og huke av om ein vil stå oppført. Det er frivillig.

FAU-INFO

-Maiken er FAU-representant i 2.klasse. Har ikkje hatt møte. Sender ut sakslite på fb før kvart møte. Ta kontakt med Maiken dersom det er noko.

Referent Mariann S. Søyland

Referat fellesdel for 1-4 trinn

Tid: 12. september 2023

Stad: Mediateket

Velkomen v/ rektor, Anne Gunn som seier at det er godt å ikkje vere ny lenger. Ho er her på 3. skuleåret no.

FAMILIESENTERET

Tina frå Familiesenteret presenterte seg og kva dei tilbyr. Held til på Bryne, er tilknytta helsestasjonen. Lavterskeltilbud når noko er utfordrane med barnet, heimen, familien. Tilbyr samtalar, råd, tips m.m. Gratis.

Eit lite foreldretips frå henne i kveld: Møt barnet på følelsen før du går til løysing. Merk forskjellen.

TLF: 51776111

E.post: familiesenteret@time.kommune.no

SKULEN

v/ rektor, Anne Gunn

-Kine Grødeland – Operativ sosialfagleg ressursperson (OSR) presenterte seg. Er ny i år. Ta kontakt med henne om ungen ikkje trivs. Alle skal ha det trygt og godt på skulen.

-Visjonen til Undheim skule og korleis elevane arbeider med den.

-Paragraf 9A. Elevane sitt skulemiljø.

-Forventningsdokument. Om korleis me har det på skulen vår. Finn på heimesida.

-LLE – laget rundt læraren

-BTI. Betre tverrfagleg innsats. Finn den på Time kommune si heimeside.

-Ta vare på tinga dine. Blyant, visk osv. Høgt antal ipader vert øydelagde. Pass på. Skulen stramer inn og vert strengare med erstatning.

-Utviklingsområde 2023-2024

-Sykkeløype. Flott. Takk for samarbeid med UIL. Frå no av må heimen gi beskjed om barnet ikkje får lov å vere der å sparke/sykle.

FAU

v/leiar Grete Gerritsen

-Viktig med open dialog ut til foreldre. Oppfordrar foreldre til å kome med innspel. Hjelp FAU med meiningar.

-Foreldreundersøking vert bruk som styringsverktøy. Ønsker at flest mogleg mødre og fedre svarar. Kjem i nov/des. T.d har det kome fram gjennom undersøking at veldig mange trivs på skulen. Er ofte at ein høyrer om det som ikkje er så bra, men husk då at veldig mange er fornøyde.

Referent Mariann S. Søyland